



Magne Rødland  
Fonnebostvegen 252  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 17/1166 - 17/19039

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
26.06.2017

## Gbnr 106/17 m.fl. Fanebust. Løyve til nydyrkning av myr.

Eigedom: Gnr.106 bnr.17 m.fl. Fanebust  
Adresse for eiged.: Fonnebostvegen 252, 5955 Lindås  
Type tiltak: Nydyrkning  
Heimelshavar: Magne Rødland  
Søker: Magne Rødland

### Saka gjeld:

Det er søkt om løyve til å dyrke opp 27,5da myr. Søknaden er datert 26/3 – 2017. Søknaden vart av landbruksavdelinga sendt på høyring til kulturminnestyresmaktene, som varsla at dei ville komme på synfaring. Synfaring vart gjennomført 8.juni 2017, og tilbakemelding frå synfaring vart motteke i kommunen 12/6. Rapporten syner at det ikkje vart funne fornminne, og det er heller ikkje truleg å gjere slike funn. Landbrukskontoret finn difor grunnlag for å handsame søknaden om nydyrkning.

Føremålet med tiltaket er å auke bruket sitt grunnlag for produksjon av for til husdyra.

### Plansituasjonen for eigedommen:

Eigedommen ligg for det meste i område sett av til LNF og i omsynssone landbruk oL-2. Området som skal dyrkast ligg i område for LNF utan omsynssone. I sjøen utanfor er det sett av område for friluftsaktivitet i sjø. Dette skuldast at det er mykje holmar og mindre øyar, der båtfolk fint kan gå i land. Strandsona utanfor området der tiltaket ligg, er ikkje med i dette fritidsområdet i sjø. Tiltaket er i samsvar med gjeldande plan og dispensasjon frå plan er ikkje naudsynt. Overordna mynde har heller ikkje merknad til tiltaket.

### Nabovarsel:

Det er ingen naboar til tiltaket.

### Om gnr.106 bnr.17 m.fl.:

Eigedommen har 62da fulldyrka jord, 19da overflatedyrka jord og 74da innmarksbeite. Totalt areal for eigedommen er 523da.



I tillegg til eige areal, driv søker 4 andre eigedommar. Totalt areal i drift er 128da fulldyrka jord, 66da overflatedyrka jord og 118da innmarksbeite.

Driftsforma er mjølkeproduksjon og litt sau.

Eigedommen er ein av to i området som driv landbruk som heiltidsarbeid.

#### **Om tiltaket:**

Det er søkt om å få dyrke 27,5da myr. Tiltaket ligg i utmark nordvest for kaien på Fanebust. Bonitetskart for myra syner at det er djup myr med ikkje nøysam vegetasjon og sterkt omdanna myr.

Det er såleis god dyrkingsmyr.

Området er temmeleg flatt. Det er utløp frå myra i søraust via eksisterande grøft/bekk til Nautevågen.

I området ligg eit grunnt parti på om lag 5da. For best mogeleg arrondering bør dette truleg takast vekk.

Steinen kan nyttast andre stader i prosjektet.

Mot sjøen ligg ein låg bergrygg – Sjoarhamrane. Dette sikrar at det ikkje vert avrenning direkte til sjø frå landbruksareala når dei vert teken i bruk. Det sikrar og at sjølinja vert uendra sjølv om myra bakanfor vert dyrka opp. Landskapet sett frå sjøen vert tilnærma uendra.

Grunngjeving for tiltaket er å auke bruket sitt dyrka areal. Det er heile tida trong for ny jord om drifta skal kunne halde fram. Det er god dyrkingsmyr og truleg lett å dyrke.

#### **Vurdering av tiltaket:**

Tiltaket kan gjennomførast etter forskrift om nydyrkning. Målet med tiltaket er å gjennomføre dyrking slik at areala etterpå held kvalitet som fulldyrka jord.

Jordkvaliteten er myr. Slik jord vil alltid synke saman etter dyrking, men området det her gjeld har godt omdanna myr, og setningane vil vere mindre. Det vil likevel vere bra å blande inn mineraljord dersom det er mogeleg. Kan hende er det og marin leire under myra. Då er dette eit godt utgangspunkt for bra sluttresultat.

Det er ikkje funne kulturminne i området. Kulturstyremaktene understrekar likevel, at dersom det vert funne gjenstandar eller andre spor frå tidlegare tider medan arbeidet vert gjennomført, må arbeidet stoggast og kulturminnestyremaktene kontaktast.

Det er ikkje registrert truga eller særskilte artar på staden og heller ikkje er det viktig naturtype.

Det er ikkje mjuke trafikkantar som vert råka av tiltaket då det ikkje vert nemnade transport langsvegen.

Det ligg ikkje føre plan for grøfting av området. Slik plan skal utarbeidast og godkjennast av kommunen.

Det bør og utarbeidast ein meir konkret plan for tiltaket som syner tilkomst, eventuell sprenging av det grunne pariet midt på området, og om ein skal profilere overflata. Det bør og gå fram av plana at ein har undersøkt grunntilhøva og funne om myra ligg på fjell eller på marine avstningar.

Det er overvekt av positive sider ved tiltaket, og kommunen tilrår tiltaket.

#### **VEDTAK:**

Med heimel i jordlova §1 og forskrift om nydyrkning, gjev Lindås kommunen løyve til å dyrke opp om lag 27da myr høyrande til gbnr.106/17 m.fl. slik det er søkt om i søknad datert 26/3-201

Dersom tiltaket ikkje er sett i verk innan tre år etter godkjenning, fell løyvet bort.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for gjennomføring av arbeidet i samsvar med gjeldande reglar.
- Dyrking skal skje slik at areala etter at tiltaket er ferdig, held kvalitet til fulldyrka areal.
- Det skal utarbeidast plan for grøfting som skal godkjennast av kommunen
- Det skal arbeidast ut ein meir detaljert plan for dyrkingsarbeidet. Mellom anna skal tilkomst visast, det skal og synleggjerast korleis ein skal handtere det grunnlendte området som ligg i planområdet og korleis planområdet skal avsluttast. Planen skal visast til kommunen før arbeidet vert sett i gong.
- Dersom det under arbeidet dukkar opp fornminne skal arbeidet stoggast og kulturminnevernet kontaktast. Det same skal skje dersom arbeidet avdekkar at det er særlege artar av plantar, dyr eller fuglar som finst i området. Då er det miljøstyresmaktene som må få beskjed.
- Generelt må arbeidet skje i samsvar med forskrift om nydyrkning.

**Klage:**

Vgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine reglar. Partane kan klage over avgjerda innan tre veker etter at ein har vorte kjend med vedtaket, jf. §§28 flg. I Forvaltningslova.

Det er heller

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbruksjef

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Magne Rødland

Fonnebostvegen  
252

5955

LINDÅS